Voss herad

# Status på tilskotsmidlar og klimatiltak

UKMB 14.05.2025

Klima- og miljørådgjevar Lina Hamre: lina.hamre@voss.herad.no

VOSS
bygd for sterke opplevingar

# Tilskot

| | | |
|---|---|---|
| Redningsaksjon stadeigen natur | 200 000 | Naturverkstaden AS vann konkurransen. Arbeidet er i gang. |
| Kartlegging fossesprutsoner | 200 000 | Lyst ut i dag. |
| Kartlegging økologiske korridorar i skog | 100 000 | Under planlegging. Biofokus vil utføra. |
| Detaljering av flaumrisikotiltak | 950 000 | Under planlegging. Vert lyst ut 23. mai, etter HST |
| | 1 450 000 | |

# Status klimabudsjettet

| | Tiltak | | Brukt per mai | Tertial mai 2025 |
|---|---|---|---|---|
| SYKKEL | Sykkelparkering | 150 | 100 | Me har tinga fylgjande sykkelstativ (forventa levering i veke 27): Fem frittståande stativ til åtte syklar per stk. som vil verta plasserte i kjellaren og på framsida og baksida av Tinghuset, samt på Torget eller Kulturhuset. 10 sykkelstativ til to syklar per stk. som me ynskjer å plassera i VossaPark. |
| | Snarvegprosjekt | 150 | | Under planlegging. |
| | Sykkelkampanje | 50 | | Me har utforma ein enkel sykkelstrategi som seier noko om korleis me skal prioritera framover. Den er delt inn i tre hovudtema: infrastruktur, parkering, og haldningsskapande arbeid. Midlane vil nyttast til to tiltak som er prioritert under sistnemnde tema: 1. Barn og unge. Få inn trafikkreglar for syklistar i barneskulen, og få ungdomsskuleelevar til å bruka hjelm. Jobba saman med Trygg trafikk, Ungdomsrådet og ungdomsarbeidarane.  2. Laga ein insentivstruktur som gjer at tilsette syklar meir (til dømes at ein kan føra reiserekning når ein syklar). |
| | | 350 | 100 | |
| NATUR | | | | |
| | Kartlegging av tre i sentrum | 80 | | Ein student ved NMBU vil i løpet av juli kartleggja tre i sentrum (under dette både kvalitetar ved trea og deira verdi i tråd med Norsk standard for verdivurdering av tre). |
| | Tilskotsordning framandartar | 100 | | Naturverkstaden vann oppdraget med å leia og koordinera prosjektet "Redningsaksjon stadeigen natur". Tilknytt prosjektet er ei tilskotsordning som frivillige lag og organisasjonar kan søkja for å få midlar til dugnadsarbeid. |
| | Besøksforvalting | 100 | | Midlane vert nytta i samband med utarbeiding av Strategi for besøksforvalting der heradet leiger inn ein resurssperson, Hanne Lykja (besøksforvaltar i Hemsedal) til å leia prosessen. Ho støttar heradet også i arbeidet med beitebruksplan, slik at desse vert sett i samanheng. Det er også mogleg at det går litt midlar til anna underlag og ev. møtekostnader. |
| | Detaljering av flaumrisikotiltak (eigenandel) | 50 | | Dette er eigenandelen som er løyvt inn i prosjektet "Detaljering av flaumrisikotiltak" som me fekk 950 000 kr i tilskot av Miljødirektoratet til å gjennomføra. |
| | Plakatar til restaurering av natur i sentrum | 10 | | Naturvernlaget har regi på eit prosjekt som går ut på å gjera om fleire område av Voss sentrum til natur. Park og idrott er viktig samarbeidspart. Det er behov for god kommunikasjon kring restaureringa. |
| | | 340 | 0 | |
| OMBRUK | Sirkulær verdikjede for trevirke | 100 | | Denne summen skal gå til Ombruksnettverket, men det er avtalt ei 70/30-fordeling der 70% går til timeløn til Ina Bollingberg som mai-august reiser rundt til alle kommunale bygg og kartlegg ubrukte møblar som vert lagt inn i Loopfront (meir om dette verktøyet under). Dette er ledd av ei ombrukssatsing på møblar i heradet, og det er også eit VossiPluss-tiltak. |
| | Grøn november | 50 | | Som i fjor vil heradet ha ei tilskotsordning som lokale lag og organisasjonar kan søkja på. |
| | La vandre | 40 | | Me ser at dette tilbodet ikkje er i tilstrekkeleg bruk til å forsvara pengebruken. Det vert difor føreslått oppsagt frå og med juli. |
| | Skulehagar | 50 | 15 | Evanger skule og Gullfjordungen skule har vore med sidan hausten 24. Palmafossen, Gjernes og Bulken har meldt interesse. Tomas Borovjak sit på mykje kunnskap og støttar skulane. Bonde- og småbrukarlaget har blitt med som samarbeidspart, noko som kan vera med og løysa utfordringar knytt til vedlikehald av skulehagen sommarstid. |
| | Loopfront | 50 | 50 | Voss herad har inngått ein prøveperiode med Loopfront for perioden 25-26. |
| | Tun for heimlause hus (viss tilskot frå Klimasats) | 70 | | Me har søkt Klimasats om midlar til prosjektet "Tun for heimlause hus" som knyter saman Ombruksnettverket og Lys i gamle hus. |
| | | 360 | 65 | |
| ANDRE TILTAK | Klimapartner-medlemskap | 50 | | |
| | Miljøfyrtårnsertifisering | 50 | | Dette arbeidet avheng av personalkabalen for 2025, og det er uvisst om det vert prioritert. |
| | Kompetanseheving klimavenlege innkjøp | 30 | | |
| | Vossadagane | 100 | 100 | |
| | Kurs for kulturbransjen; "Grønt veikart for kulturlivet" | 20 | | Vil verta gjennomført; ulike alternativ vert vurderte. |
| | Medverknad KPS/KPA (borgarpanel) | 100 | | 1., 2. og 3. april vart det gjennomført borgarpanel om høvesvis hyttebygda Voss, landbruksbygda Voss og bilbygda Voss. |
| | | 350 | 100 | |